

Julekonkurranse: Kven er dette?(1)

21.12.2015



Denne jula vil uskedalen.no ha ein julekonkurranse. Vi vil presentera ein serie bilete, og det gjeld å kjenna att personane på bileta. Bileta er nokre år gamle, og personane er meir eller mindre maskerte. Vi

vil også knyta nokre småvers til bileta. Desse kan leia til svara. Som premie deler vi ut 5 flaxlodd til vinnaren når serien er slutt.

Reglane for konkurransen er:

- Send inn **svar og namn på innsendar** som sms til 932 88 237 eller som epost til thordossland@gmail.com.
- Dei 25 først innsende rette svara i kvar omgang får poeng.(Begrensing for at underteikna ikkje skal risikera å sitja heile jula og telja poeng).
- Etter siste omgang vert poenga for kvar omgang summert.
- Det vert trekt ut ein vinnar blant dei 5 som har flest poeng totalt ved tendenstreking, dvs dei med flest poeng får flest muligheter.
- Den uttrekte vinnaren får 5 flaxlodd, og resten får heiderleg omtale.

Dagens konkurranse:

Kven er personen på biletet?

Den karen greier seg utan den sterke drykk
Seier ikkje dere, men svergjer til dykk
Det meste av idrett er av interesse for han,
også som aktiv i sport var han målmann.
På knallerten for han Kvinnherad til ende
Tok prøvar som han til Bergen sende.

Send inn svaret ditt og **namn på innsendar** som sms til 932 88 237 eller som epost til thordossland@gmail.com innan 23.12. kl.23.59. Sidan det er første omgang får de litt ekstra tid. Frå julafana vert det daglege omgangar.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland